



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Fellesmøte mellom Regionrådet og Rådmannsforum

Dato: Torsdag 29.10.2015

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kvam rådhus, Norheimsund

Tilstades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune:	Ordfører Jon Larsgard
Kvam herad:	Ordfører Jostein Ljones
Odda kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ullensvang herad:	Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad:	Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitheim og Konsulent Trude Rinaldo
Styret for Hardangerrådet:	Styreleiar Toralv Mikkelsen

Rådmannsforum:

Rådmann Aud Opheim Lygre
Rådmann Trude H Letnes
Rådmann Siv Helle Prestegard
Rådmann Arild M Steine
Rådmann Ingrid H Guddal
Konst. Rådmann Magnus Steigedal, frå 12.30
Rådmann Joakim Øren

Inviterte:

Lingalaks v/ Erlend Haugarvoll og Rolf Haugarvoll
Alsaker Fjordbruk v/ Ove Gjerde
Hardangerfjordlauget v/ Even Søfteland
Næringshagen i Hardanger v/ Torleiv Ljones

Agenda:

09.00 Sammøte Regionrådet og Rådmannsforum

HR-sak 36/15 Val av Rådsordfører og Rådsvaraordfører for 2015 – 2017

Markering av skifte i medlemmer i Regionrådet. Markering av jubilent.

09.30 Orienteringar:

09.30 Presentasjon av Linga Laks v/ Erlend Haugarvoll

10.00 Presentasjon av Alsaker Fjordbruk v/ Ove Gjerde

10.30 Rammer for havbruksnæringa v/ Even Søfteland

11.00 Presentasjon av Næringshagen i Hardanger v/ Torleiv Ljones

11.30 – 12.30 Lunsj

12.30 Sakshandsaming Regionrådet og Rådmannsforum

15.00 Møtet slutt

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Roald Aga Haug og Jostein Ljones

Presentasjonar:

Lingalaks

Lingalaks v/ Erlend Haugarvoll orienterte om:

- Lingalaks – Selskapskart – Historikk – Lokalisering
- Rekneskapstal Prisar
- Kvifor sjømat – Hav og land – Sjømat i det store bilde
- Miljøsetting
- Utvikling av havbruk – Bærekraft – Havbruksbaserte verdikjede
- Omsetnad Kvam – Samfunnsrekneskap
- Kva kan me tilby unge hardingar ?

Alsaker Fjordbruk

Alsaker Fjordbruk v/ Ove Gjerde orienterte om:

- Leiting – Levereglar – Selskapsstruktur – Milepælar
- Asiamarknaden
- Kva er me gode på ?
- Finansielle nøkkeltal siste 5 år
- Omsetnad
- Lokaliseringar – prosjekt

Hardangerfjordlauget v/ Even Søfteland

Hardangerfjordlauget v/ Even Søfteland orienterte om:

- Norges posisjon i internasjonal havbruksnæring
- Hardangerfjorden som lokalisering for havbruk – Bakgrunnsinformasjon
- Soner for brakklegging
- Soner for lusekoordinering
- Regelverket
- Potensiale

Næringshagen i Hardanger v/ Torleiv Ljones

Næringshagen i Hardanger v/ Torleiv Ljones orienterte om:

- Målsetting
- Regional næringshage
- Korleis kom vi i gang
- Arbeidet framover i 2016
- Tenester i Næringshagen i Hardanger
- Medlemsbedrift og målbedrift
- Skilnaden på næringshage og næringslag (næringsråd)
- Samarbeid med kommunane
- Tilhøve til andre næringshagar
- Dagleg leiting no – og etter nyttår
- God støtte frå SIVA og Hordaland fylkeskommune

Det var spørsmålsrunde etter presentasjonane.

Sakshandsaming:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

HR-sak 36/15 Val av Rådsordførar og Rådsvaraordførar for 2015 – 2017

Det vert gjennomført skriftleg avrøysting ved valet.

Vedtak:

Til Rådsordførar for 2015 - 2017 er vald:

Jon Larsgard (samrøystes)

Til Rådsvaraordførar for 2015 - 2017 er vald:

Hans Petter Thorbjørnsen (samrøystes)

HR-sak 37/15 Saker innmeldte ved starten av møtet

- Solfrid Borge: Ferjesamband Utne – Kinsarvik og Utne – Kvanndal
- Roald Aga Haug: Statlege arbeidsplassar – sentralisering
- Hardangerrådet: Vekekalender for ordførar
- Den nye nettsida: hardanger.com

HR-sak 39/15 Støtteuttale vedr. Hardangerbadet som regionalt utviklingsprosjekt.

Vedtak:

Hardangerrådet viser til vedtak i Kvam heradsstyre HST-sak 057/15 og vedtar slik støtteuttale:

Hardangerrådet iks gjev sin støtte til planane for realisering av Hardangerbadet. Prosjektet vil gje Hardanger eit tilbod som ein ikkje tidlegare har hatt i regionen.

Dette prosjektet vil vera svært positivt, ikkje berre for Kvam herad, men også for fleire av Hardangerkommunane som kan nytta nye tilbod ved dette anlegget. I tillegg til fastbuande vil også tilreisande med dette prosjektet få eit heilt nytt tilbod.

Helsedelen av anlegget vil også kunne gje regionen nye tilbod som vil styrkja regionen.

For reiselivet vil Hardangerbadet verta eit viktig supplement til dei aktivitetstilbod som alt finst i regionen.

HR-sak 40/15 Uttale vedr. Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter

Orientering frå Solfrid Borge om korleis denne saka vert handsama. Domstolstyret skal handsama saka i november 2015. Stortingshandsaming hausten 2016
Roald Aga Haug føreslår eit prosjektarbeid for å arbeida tett med denne saka.

Vedtak:

Dagleg leiar i Hardangerrådet, Joakim Øren, Roald Aga Haug og Solfrid Borge får fullmakt til å redigera ordlyd i nedanforståande uttale før denne vert sendt.
Den same gruppa får ansvar for å følgja opp saka vidare.

Hardangerrådet sender slik uttale til Domstolstyret med kopi til Domstolsadministrasjonen:

Høyringsuttale til «Vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar»

Me viser til brev frå Domstolsadministrasjonen datert 18.09.2015 om vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar.

Hardangerrådet er regionråd for kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Jondal og Odda. Hardanger tingrett er den distriktsnære domstol som dekkjer alle kommunane i Hardangersamarbeidet.

For eit distrikt som Hardanger er det avgjerande å oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar regionalt, for å sikra vekst og utvikling av lokalsamfunna. Hardanger tingrett er sin slik institusjon som bind regionen saman og sikrar god tilgang til dei tenester som tingretten yter.

Ei nedlegging av Hardanger tingrett vil bety flytting av alle desse funksjonane til Bergen. Dette vil medføre ei heilt uakseptabel reisetid og ikkje minst kostnader for vår innbyggjarar

og næringsliv i Hardangerregionen. Det vil også innebera ei svekking av politiet, politijuristane vert flytta til Bergen.

For Hordaland fylke er det heilt naturleg – og samfunnmessige fornuftig - at Hardanger tingrett vert oppretthalden og dekkjer Hardangerkommunane slik den gjer i dag. For å styrkja Hardanger tingrett vil det vera naturleg å vurdere om også kommunar sør og nord for Hardanger kan verta tilknytta Hardanger tingrett i ein ny modell. Hordaland fylke er arealmessig av ein storleik som gjer det naudsynt å oppretthalda ein eigen tingrett for dei indre delene av fylket.

I tillegg meiner me dei kulturhistoriske argument for å bevare Hardanger tingrett på Lofthus bør vega svært tungt, og me stiller oss bak argumenta som kjem frå Riksantikvaren.

Hardangerrådet vil på det sterkaste be om at Domstolsadministrasjonen i si vurdering legg til grunn at Hardanger tingrett vert oppretthalden.

HR-sak 41/15 Mal for kostnadsdeling i regionale samarbeidsprosjekt. Drøfting.

Styreleiar Toralv Mikkelsen orienterte om bakgrunn for saka og korleis dette tema har vore drøfta tidlegare i Hardangerrådet.

Vedtak:

Saka vart drøfta utan at det vart gjort vedtak om endring av fordelingsnøkkel.

HR-sak 42/15 Hardangerrådet: Samhandling og prioriteringar i Kommunevalperioden 2015 – 2019. Drøfting

Vedtak:

Arbeidsgruppe bestående av Rådsordførar, rådsvaraordførar, leiar av rådmannsforum og dagleg leiar utarbeider plan for samhandling mellom regionråd og rådmannsforum for valperioden 2015 - 2019.

HR-sak 43/15 Orienterings- og drøftingssaker

- Solfrid Borge: Ferjesamband Utne – Kinsarvik og Utne – Kvanndal
Rutetidene er endra frå 1. okt. Nye rutetider for ruta Utne – Kinsarvik gjev store utfordringar for Ullensvang herad. M.a. er det kome krav om at annakvart heradsstyremøte må haldast på Vestsida. Det er behov for å gje uttale også om problema på ferjestrekninga Jondal – Tørvikbygd.

Vedtak: Dagleg leiar, Jon Larsgard og Solfrid Borge får fullmakt til å utforma uttale som verdt sendt til Hordaland fylkeskommune.

- Roald Aga Haug: Statlege arbeidsplassar – sentralisering
Sjukehusstruktur, skatt og andre sentraliseringsreformer er viktige at Hardangerrådet gjev uttale til når desse sakene er til høyring. Eks. Ambulansetenesta i Hardanger.

Vedtak: Det vert utarbeida ein oversikt over utviklinga for nedlegging/reduksjon av statlege og fylkeskommunale funksjonar i Hardanger. Eit slikt dokument må visa utviklinga over ein 10-års periode og dette må nyttast i argumentasjon for å stoppa og reversera denne utviklinga.

- Hardangerrådet: Vekekalender for ordførar

Vedtak: Alle ordførarar vert oppmoda til å leggja sin kalender ut på kommunen si heimeside.

- hardanger.com
Nettsida vart vist fram i møtet. Det gjenstår fortsatt detaljer som må justerast, men det er planlagt at denne nettsida er ferdig til presentasjon under Hardangerkonferansen 2015.

Møteboka godkjent 29.10.2015.

Jon Larsgard

Rådsordfører

Jostein Ljones

Rådsmedlem

Roald Aga Haug

Rådsmedlem